

- Det bør heite sandabrød!

08.01.2009



I diskusjonen som har oppstått rundt namnet på det nye brødet til SPAR har også Bjarte Døssland noe kome med sitt syn.

Han går for sandabrød!

Innlegget hans kjem her:

'Det var dette brødet de talar om, der det er kome framlegg om at det skal heite Sanenbrød. Tanken er god, den, men det bør i tilfelle naturlegvis heite sandabrød. Det er avleidd av 'Sanden' (som i talemålet vert uttalt 'saan`n' eller noko slikt). Det heiter til dømes Sandakaien og Sandavegen, ergo også sandabrødet (eller Sandabrødet om vi skal sjå på det som eit særnamn).

Generelt skal det ikkje vere bunden form som forstaving når det vert nytta denne forma for genitiv (meiner det er genitiv, dette - altså kaien til Sanden = Sandakaien).

Det er til dømes Ulriksbanen som går opp til Ulriken, og ikkje Ulrikenbanen.

No har det rett nok breitt om seg i media å bruke slik bunden form, blant anna skriv dei i BT om Bryggenhusene, når det naturlegvis heiter bryggehusa/-ene (på same måten som den gamle, gode restaurangen på Bryggen heiter Bryggeloftet).

Jaja, nok om det, eg går for sandabrødet'